



Terje Iversen
Seimshovden 4
5260 INDRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1577 - 18/26584

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
30.08.2018

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 9/7 Gjelsvik

Det vert vist til søknad om dispensasjon for riving av eksisterande bustad og oppføring av ny bustad på gbnr 9/7 mottatt 16.05.2018. Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 29.08.2018, der det vart fatta følgjande vedtak:

«Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen) vert det gjeve dispensasjon for riving av eksisterande våningshus og oppføring av nytt på gbnr 9/7 slik det er søkt om. Vedtaket er fatta på vilkår av:

- Nytt våningshus er i samsvar med punkt 5.13 og 5.14 i kommuneplanens arealdel.
- at det vert gitt utsleppsløyve for eigedomen.

Dispensasjonen omfattar også etablering av tilhøyrande anlegg for vatn og avløp, intern veg og parkeringsareal.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon for riving av eksisterande bustad og oppføring av ny - gbnr 9/7 Gjelsvik
Søknad om dispensasjon for riving av eksisterande bustad og oppføring av ny - gbnr 9/7 Gjelsvik

Kopi til:

Terje Iversen og Marianne Lyngbo Nielsen	Seimshovden 4	5260	INDRE ARNA
---	---------------	------	------------

Mottakarar:

Terje Iversen	Seimshovden 4	5260	INDRE ARNA
---------------	---------------	------	------------